

DEN NORSKE KYRKJA
Ei evangelisk- luthersk folkekyrkje



Årsmelding for Åseral sokn 2024



Soknerådet

Leiar: Åse Austrud
Nestleiar: Siren Håvorstad
Medlem: Grete Torhild Tveitstøl Forgard
Medlem: Bente Forgard Lineikro
Varamedlemar: Odd Arild Eikeland
John Oddvar Selland
Gerd Wenche Verdal

Geistleg representant: Sokneprest Kjell Steinbru
Vararepresentant: Prost Rune Stormark

Råd og utval

Råd utval	Medlemmar
Trusopplæringsutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Siren Håvorstad, Gunvor Ljosland og Arna Berg
Konfirmantutval slått saman med trusopplæringsutval	
Gudstenesteutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Åse Austrud og Arna Berg.
Diakoniutval	Sokneprest Kjell Steinbru (førebels inntil diakon er tilsett), Grete Torhild Tveitstøl Forgard, Arna Berg og Siren Håvorstad
Redaksjonskomite og styre for kyrkjebladet	Bente Forgard Lineikro, Tonje Kallhovd (redaktør)
Kirkens Nødhjelp-kontakt	Arna Berg
Kontaktperson misjonsprosjektet	Grete Torhild Tveitstøl Forgard

Personale:

Sokneprest: Kjell Steinbru.
Kyrkjeverje: Sjur Høgetveit
Kyrkjetenarar : Åse Austrud vikar på timebasis.
Kyrkjetenar Ljosland : Inger R. Åsland vikar på timebasis
Trusopplærer: Ingen tilsette, men fleire innleige på timebasis
Konfirmantarbeidar: Astrid Heggland Skeibrok på timebasis
Ringer i Åknes: Cay Håvorstad på timebasis
Organistar : innleigde: Oddbjørn Stakkeland, Knut Olav Uppstad, Reidar Skaaland, Eirik Hodnemyr.

Reinhaldar i Åseral kyrkje: Åse Austrud
Reinhaldar Åknes kapell: Siren Håvorstad på timebasis.
Kyrkjelydssekretær: Åse Torhild Guldsmedmoen. Tilsett i Evje og Hornnes men innleigd av Åseral.

Vandring gjennom bibelen for 5.klasse: Astrid Røykenes

Klokkartenesta har blitt utført av frivillige, samt delar av kyrkjetenararbeidet.

Klokkarar: Tove Forgard, Inger Røysland Åsland, Arna Berg

Kyrkjefadrar: Gerd Austegard Linjord, Inger Røysland Åsland, Grete Torhild Forgard, Anne Siv Lauen, Siren Håvorstad

Oppgaver jfr. Trosamfunnsloven:

Utval/komite tiltak	Oppgaver	Personar	2024
Leiing:			
Sokneråd	Økonomi, strategi, leiing	Valde	
Arbeidsutval	Støtte for sokneråd	Indirekte vald	Ikkje oppretta
Gudstenestelivet/kyrkjelege handlingar			
Gudstenesteutval	Planlegging av gudstenester, engasjera frivillige til klokkarteneste, kyrkjevert, kyrkjekaffi mm.	Frivillige, soknepresten	
Gudstenester		Sokneprest, tilsette, frivillige	Gudstenester
Kyrkjelege handlingar	Gravferd, vigsel, dåp	Sokneprest, tilsette	
Andaktar Åseralsheimen		Sokneprest	
Sorgsamtalar		Sokneprest	
Kyrkjeleg undervisning			
Trusopplæringsutval	Trusopplæringsplan	Sokneprest, tilsette frivillige	
Trusopplæringstiltak og komitear		Sokneprest, tilsette frivillige	
Konfirmantutval		Sokneprest, frivillige	
Konfirmantundervisning		Sokneprest , frivillige	
Samarbeid skule	Gudsteneste før jol Teikningar til programmet for gudstenester 17. mai og jolaftan	Sokneprest, tilsette, frivillige	
Samarbeid barnehage	Barn frå barnehagen planta i Barnas blomebed ved Åseral kyrkje	Kyrkjetenar, frivillige	
Diakoni			
Diakoniutval	Diakoniplan	soknepresten, frivillige	
Kyrkjemusikk			
Konsertar og arrangement	Påskekonsert, jolekonsert	Tilsette, frivillige	

Misjon			
Misjonsprosjekt	Misjonsalliansen sitt arbeid i Liberia		
Økonomi/gjevarteneste			
Kommunikasjon			
Kyrkjelydsblad	Kyrkjeblad felles med Evje og Hornnes	Felles redaksjon og styre.	Eiga årsmelding
Heimeside	Informasjon, påmelding	Soknepresten, tilsette innleigd	
Anna marknadsføring	Facebook, Åsdølen, annonsering, oppslag	Tilsette, frivillige	
Anna			
KN kontakt	Fasteaksjonen	Frivillig	
Kriseteam	Kommunalt	Sokneprest	

Nøkkeltal:

Åseral sokn	2020	2021	2022	2023	2024
Dåp	8	6	9	3	9(6)
Konfirmantar	0	8	5	7	7
Vigslar	2	6	2	0	3
Deltakarar vigslar		366	89	0	167
Gravferder		6	5	9	8
Deltakarar gravferder		330	361	1012	920
Gudstenester sundag/heilag	17	14	26	23	24
Deltakara sundag...	757	662	1713	1552	1796
Gj. snitt sundag..	45	47	66	68	75
Andre gudstenester	4	1	1	2	7
Deltakarar andre gudstenester	79	12	25	68	818
Nattverdsgudstenester	2	0	4	7	6
Deltakarar nattverd	31	0	177	243	229
Gj snitt nattverd	16	0	44	35	38
Familiegudstenester	2	2	4	6	3
Deltakarar familiegudstenester	91	72	200	278	197
Gj.snitt familiegudstenester	30	36	50	46	65
Ungdomsgudstenester	1	0	2	0	0
Deltaking ungdomsgudstenester	41	0	64	0	0
Skule/barnehagegudstenester	2	0	1	1	1
Deltaking jolaftansgudstenester	0	0	150	180	240
Økumeniske gudstenester			1	0	1
Deltaking økumeniske gudstenester			75	0	75
Allhelgensgudsteneste deltaking			13	8	19
Andakt institusjon	1	2	6	18	22
Besøksteneste	47	48	35	36	33

Sjelesorgsamtalar	0	0	0	10	2
Konsertar	1	0	3	3	3
Deltaking konsertar	24	0	160	209	287
Totalt kyrkjebesøk (Gudstenester, gravferd, vigslar, konsertar m.m)			2348	2841	3988

Nøkkeltal trusopplæring:

Tiltak	Oppmøte	% oppmøte
Babysong	4	67
1-Kyrkjefadrar	3	100
2-Kyrkjefadrar	6	100
3-Kyrkjefadrar	7	100
4-Kyrkjefadrar	5	100
4-årsbok	6	120
5-kyrkjerotter	11	110
6-års bok	2	67
7-Vi syng jola inn	2	29
8-Tårnagentane	7	47
9-Påskesamling aktiviteitsbok		
10- år nytestamente	8	100
11- år Lys våken	0	0
12-13 Pinesamling annakvart år		
15- konfirmasjon	7	88
16-17 konfirmantleiarar	0	0

Rekruttering - utvikling medlemmar 0-4 år :

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
38	31	33	30	30	29	26	26	20	21

Andel døypte av fødte: Det vart døypt 8 åsdølar i 2022, samstundes vart fødd 7 i 2022. I 2023 vart det døypt 3 og fødd 7 . I 2024 vart det døypt 6 og født 6.

2022	2023	2024
114%	43%	100%

Dette talet kan bli over 100%. Barnet treng ikkje vere døypt same året som det vert fødd. Denne statistikken må vurderast over tid.

Kommentarar til nøkkeltal:

Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenester på sun-/og heilagdaggar stig framleis. Det samla oppmøtetalet stig også. Godt oppmøte på konsertane.

Dåpstalet har auka. Totalt hadde me 9 dåp, men 3 av desse var utanbygds slik at det er 6 Åsdølar som vart døypt i 2024. Me hadde 3 vigslar nok som er ganske normalt slik det har vore dei siste åra.

Det er verdt å merke seg at tilbodet kyrkja gjev til institusjonar har auka kraftig.

Folkekyrkja sin styrke er framleis at me har tilnærma 100% oppslutnad om gravferder og er det naturlege valet for folk flest når dei skal ta avskil med sine næraste. På dette området er det ingen som kan erstatta kyrkjens rolle i overskodedeleg framtid

Kyrkja har også god oppslutnad om trusopplæringstiltaka og konfirmasjon blant medlemmane. Det som vert avgjerande er at medlemstalet oppretthaldast. Dette skjer ved dåp. Dette talet har diverre ein langsiktig negativ utvikling. Dette har også samanheng med at fødselstala er lågare enn før.

Prestens årsrapport for Åseral.

Generell vurdering av situasjonen i soknet:

Ingen store endringar, men mange pilar peiker oppover no.

Gudstenester:

Ingen store endringar. Gudstenester utan særskild program har ofte låg oppslutnad. Det er godt besøk på gudstenester på vintersportsstader i påska. Det same gjeld gudstenesta på Fjellhagens dag og Marknadsgudstenesta. På Jolekvelden var det om lag 240 i kyrkja. Det er lenge sidan det har vore så mange på ei gudsteneste. 17. mai-gudstenesta hadde også godt besøk. Gudstenester utandørs er ofte betre besøkt enn vanlege gudstenester i kyrkja. Skulegudstenesta før jul hadde som alltid god deltaking og god medverknad frå elevane.

Andakter:

Presten har hatt andakter på Open dag ein gong i månaden og på Åseralsheimen med to til tre vekers mellomrom.

Konfirmantarbeid: Konfirmantar deltek i sesongen 2024/25. Astrid Heggland Skeibrok er tilsett på timebasis som medhjelpar. Ho hjelper til med forskjellige praktiske ting. Ho har med varm mat til undervisningstimane. Ho gjennomførte Kick-off. Ho organiserer også overnattingstur for konfirmantane til eige hytte i Åseral der presten også er med. Ho organiserer også ein tur til byen kvar vår med dei. Konfirmantundervisninga har vore på sakristiet i Åseral kyrkje. Konfirmantane verkar godt nøgd med undervisninga.

Fellesmøte.

Fellesmøta har vore viktige for Åseral. God oppslutnad og godt samarbeid.

Trusopplæringstiltak

Trusopplæringsplanen har blitt gjennomført som normalt bortsett nokre få tiltak. Sjå liste over tiltak i nøkkeltal over. Det er normalt familiegudstener i samband med 4/6 – års bok, tårnagentar, utdeling av nytestamente for 10-åringar og Lys Våken.

Hjelpearbeid og misjon:

Kirkens Nødhjelp – fasteaksjon

Tema for fasteaksjonen 17 – 19. mars 2024 var «Håp i en drope vatn». Kirkens Nødhjelp arbeider med å sikre at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene og sanitære løysingar.

Arna Berg er kontaktperson for Kirkens Nødhjelp og deltok på inspirasjonssamling i Oslo den 19. januar. Det er nyttig med oppdatert informasjon frå dei som jobbar for Kirkens Nødhjelp, men også å treffa kontaktpersonar frå andre sokn og deira erfaring med fasteaksjonen.

I Åseral blei det i alt samla inn kr. 58 231 i fasteaksjonen, av dette kr. 30 600 i fastebøssene, kr. 8 980 i vipps og kr. 18 651 i takkoffer. Åseral ligg på landstoppen når det gjeld innsamla beløp pr. innbyggjar. Det er stor velvilje blant konfirmantane, familieane deira og andre frivillige til å vera med på dør til dør innsamling med fastebøsser. 15 personar var på innsamlingsrunde med fastebøsser som blei levert på kyrkjekontoret til ein hyggeleg stopp for kaffi/juice og marsipankake.

Misjonsprosjekt.

Soknerådet har Misjonsalliansen som misjonsprosjekt med tre offer og minimum kr. 5 000,- pr år.

Offer: I offer kom det inn totalt kr. 86888,03 av dette var kr 11909,50- til eiga verksemd.

Song, musikk, kulturarrangement:

Påskekonert i Ljosland kapell 27. mars kl. 19:00.

Klassiske folketonar og salmer ved Wenche Hunsbeth Svindland, Sven Eivins Stakkeland, Grethe Stulien Lauen, Øystein Lauen, Torvald Lauen, Hjalmar Ødegaard og Kenneth Trelandshei.

Påskeaftan i Åknes kapell 30. mars kl. 19:00.

Toner og tekst ved Oddbjørn Stakkeland og Tom Martin Berntsen.

Vi syng jola inn i Åseral kyrkje søndag 15. desember kl. 12:00.

Jolegraut på Åseral bedehus etterpå med aktivitetar for born.

Romjolskonert i Ljosland kapell 29. desember kl. 19:00.

Musikk Oddbjørn Stakkeland, Song Bjørø Håland, Gunvor, Sigrunn, Jorunn og Kristin Ljosland.

Bispevisitas:

Me hadde gleda av å ha bispevisitas 27-28 februar. Biskopen fekk møte kommuneleiing og elevar og lærarar ved Åseral skule som alle deltok aktiv i samtalen.

Det var understreka at samarbeidet med kommuneleiinga og med skulen er særst godt.

Biskopen fekk også møte turismen i Åseral med presentasjon av skistadane Ljosland, Bortelid og Eikerapen. Det var omvising på Eikerapen gjestegard.

Soknepresten heldt andakt på Åseralsheimen og biskopen kom med ei helsing der.

Til slutt var det ei stopp på stavkyrkja på Lognavatn og omvising i utstillinga i årehuset.

Sundag 3. mars var det visitasgudsteneste.

Informasjon:

Heimeside og Facebookside.

Hovudformålet med heimesida er at kontaktinformasjon og kalender skal vere lett finna for folk flest, kva tid som helst. Facebooksida brukast til påminning om ting som skjer.

Kyrkjeblad

Femte året med felles kyrkjeblad for Åseral, Evje og Hornnes. Åseral har to medlemmar i styret og redaksjonskomiteen for bladet. Frivillige delar ut bladet til alle husstandane i Åseral.

Fellesarrangement:

Jolefest og Heilag trekongarsfest arrangerast 6. januar i samarbeid med medlemmar av den ortodokse og den katolske kyrkja.

Fellesmøter vart arrangert saman med Betania og organisasjonane på bedehuset med Egil Svartdahl 2-4 februar.

Frivilligsentralen:

Åseral sokneråd er med i frivilligsentralen som medeigar. Alle eigarane kan bruka frivilligsentralen sin buss, dette har vore til nytte i konfirmantarbeidet. Bussen blei og nytta i samband med kyrkjevandringa frå Bygland til Åseral den 18. august.

Bygg og anlegg:

Dugnad på gravplassane:

Det vart det gjort ein solid dugnadsinnsats på gravplassane med påfylling av jord i søkkane. Soknerådet er takksam for alle dei arbeidstimar som her vart lagd ned.

Vedlikehald.

Avkøyrsløse til Ljosland kyrkjegard er utbetra.

Takk.

Takk til alle som bidrog med ulike tenester i kyrkjelyden i 2024!

Åse Austrud

Soknerådsleiar

Sjur Høgetveit

Kyrkjeverje

Vedlegg:**Økonomi****Årsrapport gudstenesteutval****Årsrapport trusopplæringsutval****Årsrapport diakoniutval****Årsrapport kyrkjeblad****Økonomi:****Soknerådsfunksjonen – anna kyrkjeleg verksemd, ikkje revidert****Kommentarar:**

Det var budsjettert med eit underskott på kr. 37 000,- noko som gjer at funksjonen ligg an til eit mindreforbruk på ca. Kr. 2000,- i forhold til budsjett.

Soknerådet har fått kr. 140 000,- i trusopplæringsmidlar frå kyrkja sentralt (Rettssubjektet Den Norske kyrkje). Desse skal nyttast til trusopplæring for gruppa 0-18 år, og bruken av desse må rapporterast til kyrkja sentralt.

Husleige til bedehuset var på kr. 20000,-. Dette skuldast at ikkje dette var overført i 2023.

Det vart løyvd kr. 10000,- til konsert i Ljosland kapell.

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik
Fastlønn	44 030,12	51 000,00	-6 969,88
Kveld og natt tillegg, lørdag og søndag tillegg fast	3 594,82	3 000,00	594,82
Variable tillegg ekstrahjelp	0,00	4 000,00	-4 000,00
Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	380,80	0,00	380,80
Pensjonsinnkudd	4 908,05	14 000,00	-9 091,95
Trekkpliktige forsikringsordninger	453,32	0,00	453,32
Arbeidsgiveravgift	5 657,56	7 000,00	-1 342,44
Sum lønsutgifter	59 024,67	79 000,00	-19 975,33
Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/utstyr/tjenester	3 380,31	10 000,00	-6 619,69
Dåpsopplæring	11 353,19	18 000,00	-6 646,81
Bibler	274,33	0,00	274,33
Konfirmantarb.	31 491,13	10 000,00	21 491,13
Annet forbruksmateriell	7 074,74	2 000,00	5 074,74
Matvarer	11 429,66	5 000,00	6 429,66
Gebyr, post,bank	0,00	1 000,00	-1 000,00
Annonse, reklame,trykking, informasjon og representasjon	2 817,20	2 000,00	817,20
Gaver/blomster	3 147,00	2 000,00	1 147,00
Opplæring, kurs	0,00	1 000,00	-1 000,00
Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er oppgavepliktige	952,00	1 000,00	-48,00
Forsikring tilsette	2 303,76	0,00	2 303,76
Leie av lokaler og grunn	20 000,00	10 000,00	10 000,00
Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	3 000,00	0,00	3 000,00
Konsulent tjenester/kjøp av tjenester	18 219,00	37 000,00	-18 781,00
Sum varer og tenester	115 442,32	99 000,00	16 442,32
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	6 625,06	0,00	6 625,06
Overføring av ofringer/middel samlet inn til andre	75 177,53	62 000,00	13 177,53
Tilskudd/gaver til andre	15 000,00	5 000,00	10 000,00
Sum Utgifter	271 269,58	245 000,00	26 269,58
Salg av varer og tjenester, gebyrer o.l. utenfor avgiftsområdet	-2 229,55	0,00	-2 229,55
Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-6 625,06	0,00	-6 625,06
Tilskudd fra rettsobjektet Den norske kirke	-140 000,00	-133 000,00	-7 000,00
Offer/samlet inn til egen virksomhet	-11 909,80	-13 000,00	1 090,20
Offer/samlet inn til annen virksomhet	-74 978,28	-62 000,00	-12 978,28
Tilskudd/gaver fra andre	-500,00	0,00	-500,00
Sum inntekter	-236 242,69	-208 000,00	-28 242,69
Underskott	35 026,89	37 000,00	-1 973,11

Kyrkje inkludert fellesrådsfunksjonen ser ut til å ende med eit mindreforbruke og positivt netto driftsresultat på ca. Kr. 10 000,-. Disposisjonsfond ved årets start var kr. 292 595,-.

Årsmelding for Gudstenesteutvalet 2024

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, soknerådsleiar Åse Austrud og Arna Berg.

Kjell Steinbru sette opp forslag til gudstenesteliste for 2025. Åse Austrud og Arna Berg sette opp forslag til offerliste for 2025, og har elles hatt fleire møter og samarbeida om å skaffa kyrkjevertar, samt kyrkjekaffi, og andre praktiske ting. Det har vore 10 kyrkjevertar i løpet av året.

Det har vore 3 frivillige klokkarar. Dei møtest og fordelar gudstenestene seg imellom.

Det har vore samarbeid med ortodokse og katolske om økumenisk samling, og det vart arrangert Jolefest – Heilagtrekongarsfest den 6. januar.

Åseral, 25. februar 2025

Arna Berg

Årsmelding for Trusopplæringsutvalet 2024

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, Andreas Forgard, Siren Håvorstad og Gunvor Ljosland. I tillegg Arna Berg som er engasjert i organisering av trusopplæringsarbeidet og gjennomføring av planen.

Utvalet har arbeidd mykje med justering av Trusopplæringsplanen for å få til noko for alle aldersgrupper som er gjennomførbart.

I 2023 kom ein fram til fylgjande plan som blei oversendt soknerådet:

- 0 år** Dåp
Babysang
- 1 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, koselam og bilete mrd Fadervår
- 2 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, barnebibel
- 3 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, puslespel og matboks
- 4 år** Besøk av kyrkjefadder som har med innbyding til gudsteneste med utlev. av 4 års bok
- 5 år** Kyrkjerotter (DNK - for born mellom 3 og 6 år)
- 6 år** Invitasjon til gudsteneste med utlevering av 6 års boka
- 7 år** Arrangement i kyrkja «Vi syng jola inn» og jolegraut på bedehuset ettepå med opplegg for borna.
- 8 år** Tårnagent helg, samling laurdag og tårnagentane deltek ved gudstenesta sundag
- 9 år** Påske, aktivitetsbok. Samling for 9 åringar dersom det er mogeleg å få til, elles vert det sendt til alle.
- 10 år** Utdeling av 10 års Bibel, ved same gudsteneste som Lys våken.
- 11 år** Lys våken helg, med Lys våken gudsteneste (DNK – for 11 åringar)
- 12 og 13 år** Felles pinsesamling for 12 og 13 åringar annankvart år
- 14 år** Konfirmasjonsundervisning

15 år 10 klasse, ev. opplegg saman med konfirmantane eller som medhjelparar i kyrkja.

16 år vgs

17 år vgs

18 år vgs

Andre tiltak: Bornas blomebedd for barnehageborn

Første leveår 0 – 5 år: Om lag 50 t.

Barndomsåra 6 – 12 år: Om lag 145 t.

Ungdomsåra 13 – 18 år: Om lag 120 t. derav 60 t. knytta til konfirmanttida.

Den døypte skal ha 315 t. trusopplæring gjennom 18 år.

I møte 22. oktober gjennomgjekk ein dei planlagde tiltaka, kva som fungerer og kva som eventuelt bør endrast.

Det blei og gjeve eit stutt referat om ny plan for Kirkeleg Undervisning og Læring (KUL)

Åseral kyrkjelyd har 6 frivillige kyrkjefadrar som vitjar barnet og familien og har med gåver ved 1, 2 og 3 års dåpsdag, samt invitasjon til gudstenesta ved utdeling av 4. års boka.

Gunvor Ljosland er tilsett som trusopplærar for Babysang. Heggland har vore inne som trusopplærar etter avtale, elles blir arbeidet utført av frivillige.

Det er ei stor utfordring å få gjennomført ei god nok trusopplæring for alle årstrinn når ein ikkje har ein fast tilsett trusopplærar til å taka seg av det.

Åseral, 25. mars 2025

Arna Berg

Årsmelding for Diakoniutvalet 2024

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, Grete Torhild Tveitstøl Forgard, Siren Håvorstad og Arna Berg.

Åseral kyrkje har vore med på det treårige prosjektet «Pilegrimsvandring i Otredalen prosti» som gjekk frå Hovden til Vennesla. Den siste vandringa gjekk frå Åseral til Vennesla i 2023. Dette inspirerte til å planlegga ein dags pilegrimsvandring frå Bygland til Åseral. Det blei etablert samarbeid med Bygland kyrkje ved kyrkjevevje Olav Nilsen, og kyrkjevandringa blei planlagt til sundag 18. august med felles kveldsgudsteneste for Åseral og Bygland i Åknes kapell. 24 pilegrimar la ut på kyrkjevandring frå Skomedalsheia til Espelid. Det blei ordna busstransport til Skomedalsheia og frå Espelid. Kari Røynlid og Olav Grenstad var gode natur- og kulturlosar og hadde mykje å fortela. Sokneprest Kjell Steinbru delte tankar om å vera på vandring. Åseral sokneråd i samarbeid med Lognavatn velforeining servert ertesuppe og rundstykker, kaffi og kaker på Kyrkjeodden før gudstenesta i kapellet.

«Stille stund» - Allehelgens samling i Åseral Kyrkje, laurdag 2. november kl. 19:00.

Dei siste åra har ein hatt allehelgens samling i Åseral kyrkje, som vert kalla «Stille stund». Kvelden er open for alle, men det vert sendt invitasjon til dei som har mista nokon av sine det siste året. Ord til trøyst ved Kjell Steinbru, og det blir tend ljos for dei som gjekk bort siste året. Ved orgelet Oddbjørn Stakkeland. Samlinga vert avslutta med kaffi og enkle snittar.

Blomar til alle over 80 år.

Frivillige vitja alle over 80 år (medlemar i kyrkja) føre jol med blome og jolehelsing. 33 fekk blome og helsing.

Det er behov for diakon til å utføra dei diakonale oppgåvene i kyrkjelyden

Åseral, 25. mars 2024

Arna Berg

Kyrkjebladet for Åseral, Evje og Hornnes

Årsmelding for 2024

Styre og redaksjonskomité:

Frå Evje og Hornnes sokneråd: Lindy Eidem, Inger Juvastøl og Øystein Moi

Frå Åseral sokneråd: Bente Forgard Lineikro og Tonje Kallhovd

Styrelaiar: Bente Forgard Lineikro

Redaktør: Tonje Kallhovd

Sekretær: Øystein Moi

Møte

Styret har hatt to møte, 21.08 for å velje nytt styre, samt 04.11 i samband med eit redaksjonsmøte.

Redaksjonskomitéen har hatt eit redaksjonsmøte i forkant av kvart av dei fire blada.

Arna Berg gjekk ut av styret den 21.08.

Trykkeri

Kyrkjebladet vart trykt ved Bjorvand & co, og Erik Dyngvold har hatt ansvar for layout/ombrekking.

Utgjeving

Det vart gjeve ut 4 utgåver, påske, sommar, haust og jol. Bladet er i A4-format med 16 sider i fargar.

Økonomi

Styret/redaksjonskomitéen gjer alt arbeid med bladet utan nokon form for økonomisk godtgjering. I Åseral er det frivillige som køyrer rundt med kyrkjebladet til husstandane i Åseral sokn. I Evje og Hornnes køyrer også frivillige rundt i områda som Posten ikkje dekker, til dømes Hodne og Senum. Inntektene er annonsar, gåver og offer til bladet. Trass i det omf

attande frivillige arbeidet som vert lagt ned, så vil vi ikkje greia å koma i driftsbalanse for året, men må bruka av oppsparde midlar i banken.

Annonseprisen vart auka med 5 % frå 01.01.24. Dei respektive sokneråda/meinigheitsråda har i budsjetta sine lagt inn ein post kvar på 5 000,- øymerka tilskot til drift av kyrkjebladet.

Takk

Takk for godt samarbeid med tilsette og kyrkjekontora i begge sokn og særleg kyrkjeverje Sjur Høgetveit som har ansvar for rekneskapen.

Takk til alle som på ulike måtar har medverka til at kyrkjebladet har blitt så vellukka!

Åseral 6. februar 2025
Bente Forgard Lineikro
Styreleiar